

FYLKESLANDBRUKSSTYRET 21.06.2004

SAK V -15/2004

HØYRINGSUTTALE TIL NOU 2003:26 OM ODELS- OG ÅSETESRETTE.

Sakshandsamar: Per Albert Lund

Vedlegg: NOU 2003:26 om odels- og åsetesretten (er utsendt til styremedlemmene)

BAKGRUNN.

Ved kgl. res. 21.09.2001 oppnemnde regjeringa eit utval til å vurdere verknader av og framlegg til endringar i odelslova (odelslovutvalet). I mandatet til utvalet heiter det m.a.:
”Målsettingen med odelslovutvalget er å få en evaluering av odelslovgivningen samt forslag til lovendringer som kan bringe odelsretten i samsvar med de landbrukspolitiske mål nedfelt i Innst. S.nr. 167 (1999-2000) og St.meld. nr. 19 (1999-2000).”

”Utvalget skal etter Innst. S.nr. 167 særleg vurdere:

- om kretsen av odelsberettigede bør innskrenkes.*
- om løsningsfristen bør bli kortere.*
- virkningene av odelslovens regler for kvinners situasjon i landbruket.*

Videre ber departementet om at utvalget vurderer:

- om odelsloven medfører en konservering eller ”lukking” av landbruksnæringen.*
- hvordan odelsloven innvirker på lokalt eierskap*
- hvordan odelsloven påvirker bosettingen*
- om det er mulig å utforme en formålsbestemmelse i odelsloven, særleg med bakgrunn i ønsket om å tydeliggjøre kriteriene for vurdering av søknader om odelsfrigjøring og om fritak fra bo- og driveplikt, jfr. §§ 27-33.*
- Hvilke eiendommer som ut fra sitt ressursgrunnlag skal være odlingsjord, jfr. odelslovens §§ 1 og 2 (størrelse og rasjonalitet i lys av moderne landbruksdrift), og*
- Lov- og regeltekniske avklaringer og forenklinger i de offentligrettslige reglene, herunder med sikte på å oppnå kortere saksbehandlingstid ved offentlig myndighetsutøvelse”.*

Utvalet sitt mandat vart seinare utvida til også å kome med ei samla tilråding *”vedrørende spørsmålet om odelsloven, med unntak av åsetesretten, bør opprettholdes eller avvikles.”*

Utvalet si innstilling vart framlagt 23.10.2003 i NOU 2003:26.

Ved brev av 13.11.03 har landbruksdepartementet sendt innstillinga på høyring til ei rad instansar, m.a. fylkeslandbruksstyra og fylkesmannsembeta. **Høyringsfristen er 1.juli 2004.**

HOVUDINNHOLD.

Odelsslovutvalet har først gjort ei vurdering av odelsrettsinstituttet sett i høve til dei landbrukspolitiske målsettingane. I stikkords form kan desse samanfatta slik:

- odelsberettiga brukarar har oftare landbruksutdanning enn ikkje-odelsberettiga og utdanninga er som regel lengre og odelsberettiga brukarar har i gjennomsnitt høgare inntening på garden utan at ein kan påvise at desse skildnadene har samanheng med odelsretten.
- Utvalet legg til grunn at dei sosio-kulturelle verdiane som knyter seg til den odelsrettslege tradisjonen, har stor betydning for dei odelsberettiga brukarane si sosialisering i landbruket.
- Blant landbruksskuleelevar er det vesentleg større interesse for å overta gardsbruk blant elevar med best odelsrett i høve til andre elevar.
- Odelslova sine reglar om likestilling mellom kjønna pregar yrkeutøvarane i landbruket og gjev eit viktig signal om eit samfunnsmessig ønska mål.
- Odelsretten har truleg i nokon mun – og i samvirke med andre faktorar – medverka til å oppretthalde mindre bruk, og slik sett medverka til gapet mellom eigar- og driftseiningar, men truleg er likevel odelslova sine reglar om verdsetting av større betydning ved at eigarar av små landbrukseigedomar ikkje har fått ein pris som er god nok til at ein ønskjer å selje.
- Odelsretten vil, for eigedomar med større næringsmessig betydning, i samvirke med buplikta medverke til at arealressursane vert eigd lokalt.

(Sjå elles kap. 5 i utgreiinga.)

På bakgrunn av desse vurderingane har utvalet deretter gjort ein gjennomgang av gjeldande odelslov. I kap. 6 kjem utvalet med framlegg til endringar i lova. Dette er ein omfattande gjennomgang der både hovudspørsmål og detaljar er drøfta med etterfølgjande framlegg til lovendingar.

For oversyn over alle endringsframlegg til dei einskilde paragrafar vert synt til utgreiinga s. 87 – 140.

Til sist i kap. 12 vert spørsmålet om avvikling av odelsretten drøfta.

Nedanfor er lista opp dei vesentlegaste lovendingane i framlegget:

Kravet til odlingsjord.

§§ 1 og 2 i gjeldande odelslov fastset at odelsrett kan hevdast til fast eigedom som *kan nyttast til landbruksdrift og har ein viss storleik*; ein eigedom blir rekna som odlingsjord når anten jordbruksarealet er minst 20 dekar, eller det høyrer til så mykje anna areal, rettar og lunnende at den produksjonsmessige verdi tilsvarar minst 20 dekar jordbruksareal.

Ein eigedom der jordbruksarealet er under 5 dekar er likevel aldri odlingsjord. Det same gjeld ein rein skogeigedom der det produktive arealet er under 100 dekar.

Odelslovutalet vil sette grensen for odelseigedomar høgare og gjer vidare framlegg om å forenkla denne regelen. Det vert peikt på at noverande grense omfattar svært små eigedomar som ved utviklinga som har vore i landbruket, etterkvart har misst si næringsmessige betydning. Fleirtalet i utvalet vil sette grensa ved 50 da jordbruksareal eller minst 1000 dekar produktivt skogareal. Ein eigedom med minst 40 dekar jordbruksareal kan likevel reknast som odlingsjord når anna areal er minst 500 dekar. Med til arealgrunnlaget vert rekna eigedomen sin andel i realsameige. Mindretalet i utvalet meiner grensa bør setjast ved 30 dekar jordbruksareal eller minst 500 dekar produktivt skogareal, men at likevel eigedomar som har minst 20 dekar jordbruksareal er odelsbruk dersom dei har minst 100 dekar anna areal.

Utvalet tilrår såleis at ein går bort frå den elastiske/skjønsmessige vurderinga om eigedomen *kan nyttast til landbruksdrift* og vidare at berekninga av arealkrava vert gjort eksakte.

Utvalet peiker i si utgreiing på at talet på odelseigedomar i landet er noko usikkert, m.a. grunna dei elastiske grensene for odlingsjord som lova inneheld og p.g.a at det manglar gode statistiske data for skogareala. Utvalet legg likevel til grunn at det totalt er ca. 130.000-140.000 odelseigedomar. Fleirtalet sitt framlegg til nye grenser for odlingsjord vil føre til at dette talet vert redusert til ca. 80.000-90.000 eigedomar, medan mindretalet sitt framlegg vil føre til ein reduksjon til ca. 115.000- 125.000 eigedomar. Tala for Hordaland vert kommentert nærare under pkt. 6.1. i landbruksdirektøren si fråsegn.

Odelskrinsen (kven har odelsrett?)

Utvalet drøfta også spørsmålet om ein reduksjon i talet på personar som kan ha odelsrett. Eit av alternativa var at berre born av foreldre som sjølv hadde eigd eigedomen med odel, skulle ha odelsrett. Utvalet syntte til at krinsen av odelsrettshavarar vart vesentleg redusert ved lovendringa i 1975 og fann ikkje grunn til å gjere endringar på dette punktet.

Likestilling av sambuande og ektefeller.

I odelslova er det visse særreglar for ektefeller sitt erverv av odelseigedom og for attlevande ektefelle sin rett til å sitje ved odelseigedom i uskifte. På dette området rår utvalet til at sambuande no vert likestilt med ektefeller.

Interpellasjonsretten vert utvida og endra.

Etter odelslovas § 21 kan ein eigar som vil avhende odelsjord til eit yngre barn, og dei er samde om prisen, setje ein frist for dei eldre og i tilfelle deira born til å seie ifrå om dei vil gå inn i kjøpstilbodet. Fristen skal vere minst 6 månader.

Utvalet gjer framlegg om at svarfristen verte korta ned til 2 månader og at retten for eigar til å interpellere også skal gjelde ved sal ut av slekta.

Fråvik når løysing er "klårt urimeleg".

Odelslovas § 21 lyder slik:

Vil ein odelsrettshavar løyse ein eigedom på odel frå ein yngre bror eller syster som har overtatt den frå foreldra, kan retten nekte løysing, når det etter det som ligg føre ville vere klårt urimeleg om den eldre fekk drive den yngre bort. Omsyn kan mellom anna takast til om den eldre har vore fråverande i lengre tid og driv eit anna yrke som han gjennom skulegang eller praksis har utdanna seg for, medan den yngre har vore heime og hjelpt til på garden og må reknast for skikka til å drive den.

Odelsløysing kan også i andre tilfelle nektast mot ein eigar med odelsrett, når det ville vere klårt urimeleg om løysingsmannen fekk drive eigaren bort.

Dette er ein regel som kom inn i odelslova i 1974 og som gjev retten høve til å fråvike prioritetsrekkefølga mellom odelsrettshavarar. I rettspraksis har det likevel vore ei restriktiv haldning til å nytte denne unntaksregelen. Utvalet gjer framlegg om å utvide reglen til også å gjelde i løysingssak mot ikkje-odelsberettiga.

Bu- og driveplikta.

Utvalet har drøfta reglane i odelslova om bu- og driveplikt (lovas §§ 27-29)

4 av medlemmene (totalt 8) vil setje ned lengda på bu- og driveplikta ved odelsløysing frå 10 til 5 år og dermed likestille plikta i desse sakene med det som gjeld ved friviljuge overdragingar. Dei gjer og framlegg om å overføre reglane om bu- og driveplikt frå odelslova til konsesjonslova.

Øvrige medlemmer har ikkje framlegg til endringar i dette kapitlet i lova.

Endring av fristen for preskripsjon(forelding).

Odelslovas § 40, 1. og 2.ledd gjev hovudregelen om forelding av odelsrett og løysingsrett: *Retten til odelsløysing må gjerast gjeldande innan 1 år frå den dagen då dokumentet som gjev den nye eigaren full heimel blir tinglyst. Dette gjeld og overgang ved arv. Ved tvangssal blir foreldingsfristen rekna frå tinglysinga av tvangssalsskøytet.*

Ved friviljug overdraging skal fristen likevel først reknast frå bruksovertakinga, dersom denne skjer seinare enn tinglysinga av heimelsdokumentet.

Utvalet syner til at den nye eigaren lever i uvisse m.o.t. sitt eigarskap så lenge fristen ikkje er gått ut og at tida for denne uvissa bør gjerast kortare enn no. Utvalet gjer framlegg om at fristen vert sett ned til 6 månader. Utvalet peikar også på at regelen i 2.ledd om utsett start av fristen ved friviljug overdraging, gjev grunnlag for mykje tvil og difor bør takast bort, slik at tingslysingsdato vert einaste kriterium for berekning av start på fristen.

Reglane om odelstakst.

Den som nyttar seg av sin løysingsrett til ein odelseigedom, har rett til å krevje odelstakst til fastsetjing av vederlaget for eigedomen. Odelslovas § 49 lyder slik:

Verdsetjinga ved odelstakst skal gjerast på grunnlag av den bruk av eigedomen som er naturleg og påreknelig etter tilhøva på staden, og som kan sameinast med at eigedomen hovudsakleg blir nytta til landbruksføremål.

Reglane i første stykket gjeld tilsvarande for verdsetjinga av odelseigedom når nokon på arveskifte eller skifte mellom ektemakar tek over eigedom i kraft av odelsrett.

Utvalet skisserar tre moglege modellar for verdsettinga:

- (I) vederlagslova sine reglar vert lagt til grunn, dvs. som ved ekspropriasjon.
- (II) Verdsetting etter retningslinene til konsesjonslova
- (III) Rein marknadsverdi

Utvalet peiker på at alle desse modellane inneber element av skjønnsmessig karakter og utvalet kan ikkje sjå at nokon av desse modellane gjev ei betre løysing enn dei kriteria som lova no har. Det vert difor tilrådd å halde fast ved lovteksten slik han er i gjeldande lov.

Likestilling mellom kjønna.

Først ved vedtakinga av odelslova av 1974 vart menn og kvinner i prinsippet likestilte i odelsretten. Tidlegare hadde kvinnene ikkje berre måtta stille bak sine yngre brør, men også bak deira etterkomarar. Likestillinga har imidlertid ikkje fått full effekt enno, på grunn av ein romsleg overgangsregel som fastset at likestillinga mellom sysken ikkje gjeld for dei som er fødte før 1.1.1965. For desse gjeld framleis at gutar går føre jenter i ein syskenflokk uansett alder. Stortinget si justisnemnd grunnga denne særregelen slik i Innst. O nr. 60 (1973-74):

”...overgangsføresegnene bør utformast slik at dei som ein med rimeleg grunn må gå ut frå har innretta seg på den eldre lovgjevinga, ikkje skal bli skuffa...”

Odelslovutvalet peiker på at samfunnet har vore i sterk endring i relasjon til desse spørsmåla sidan odelslova trådte i kraft. Det vert også synt til uttalar frå Den europeiske menneskerettighetsdomstolen som går langt i å setje til side lover som diskriminerer på denne måten. Utvalet kjem på denne bakgrunn med tilråding om at det vert gjennomført full likestilling mellom kjønna, mellom born fødd utanom ekteskap og adoptivborn, dog slik at dagens reglar framleis skal gjelde der det ligg føre ein aktuell løysingssituasjon når lovendringa trer i kraft.

Bør odelsretten avviklast?

I del III i si innstilling drøftar utvalet positive og negative effekter av odelsretten for samfunnet generelt og for slekta som sit med odelseigedom. Nokre av effektane er relativt

lette å konstatere, medan andre er langt meir usikre. For eit nærare oversyn over utvalet sine vurderingar vert synt til utgreiinga s. 160-174.

Utvalet deler seg i konklusjonen i eit fleirtal og eit mindretal. Fleirtalet (6 av medl.)

”er klar over at odelsloven gir enkelte uønskede virkningar. Det avgjørende etter flertallets syn, er imidlertid at odelsloven utvilsomt gir flere og tyngre samfunnsmessig gunstige effekter, enn ulemper. Det vises særleg til de sosiokulturelle verdiene i tilknytning til de holdningar og langsiktige målsettinger som preger yrkesutøverne i landbruket, herunder i relasjon til spørsmålet om likestilling og bedre landbruksdrift. Videre vil utvalgets flertall peke på at de uheldige virkningar av odelsloven, slik den fremstår i dag, vil bli vesentlig redusert ved de endringer som utvalget har foreslått.

Et annet viktig aspekt for flertallet, er at odelsloven bidrar til å ivareta samfunnsmessige verdier på en måte som er forutsigbar for yrkesutøverne i landbruket, og lite utsatt for stadige endringer, slik f.eks konsesjonsloven har vært de senere årene. Det er også grunn til å peke på at odelsloven er elastisk i den forstand at den ivaretar samfunnsmessig ønskede virkningar på lovtomme områder.

Flertallet mener ut fra en totalvurdering at odelsloven også i fremtiden vil være et viktig instrument for å sikre langsiktighet og stabilitet i næringen, samt å medvirke til samfunnsmessig ønskede virkningar. Flertallet ønsker etter dette at odelsretten skal bestå.”

Mindretalet (2 medl.) uttalar at

”mangt av det som det i dag rettes kritikk mot, vil forsvinne eller bli mindre betydningsfullt dersom de forslag som er fremsatt foran i avsnitt B, blir gjennomført. På dette vis kan man høvle og høvle, og få bort i allefall en del skarpe kanter - som en fortsettelse av det som skjedde i 1974. Men – før eller siden – stilles man overfor spørsmålet om høvlingen skal fortsette, eller om øksen skal tas frem.

Ved en totalvurdering som således må foretas, er det mindretallets oppfatning at det i dag ikke lar seg forsvare at –hvis man legger landbruksdepartementets tall til grunn - oppimot 80% av landbrukseiendommene, med dyrket jord og store skog- og utmarksstrekninger - skal være odelsjord. Det vil si at det gjennom fødsel er en stadig snevrere krets av personer med fortrinn til disse verdier.

Mindretallet aksepterer – uten at det er nødvendig å foreta noen nærmere kvantifisering - at odelsretten har gunstige effekter, men disse kan ikke være tilstrekkelige til å rettferdiggjøre bruddet på likestillingsprinsippet. I særdeleshet gjelder dette fordi mange av de påberopte fordeler på en prinsipielt riktigere og på en mer systematisk og effektiv måte kan ivaretas gjennom andre virkemidler av økonomisk og lovmessig karakter. Fra den siste kategori nevnes især konsesjonsloven som gir mulighet for kontroll med erverv av landbruksjord og priser på landbruksjord så vel som etablering av bo- og driveplikt for slik eiendom.”

LANDBRUKSDIREKTØREN SI FRÅSEGN:

Landbruksdirektøren vil i si fråsegn følgje systematikken til utvalet og først (under føresetnad av at odelsretten vert oppretthalden) gje nokre generelle kommentarar og dinest kommentere dei vesentlegaste lovendingane som er gjort greie for ovanfor. Til slutt vert drøfta spørsmålet som gjeld korvidt odelsretten, med unntak av åsetesretten, bør avviklast.

I. Generelt.

Odelslova er ei lov som regulerer eigartilhøva til dei fleste landbrukseigedomar og prosedyrar knytt til slike eigarskifte. Lova er preceptorisk (kan ikkje fråvikast ved avtale) og er på denne måten ein viktig premis ikkje berre for dei involverte privatpersonar (slekta) men også i vidare forstand i høve til viktige samfunnsspørsmål knytt til landbrukspolitik, busetting, lokalt eigarskap, likestilling mv.

Odelsretten er eit svært gammalt rettsinstitutt. Gjeldande odelslov er frå 1974. Lova gjennomgikk då ei vesentleg modernisering. Gjennom dei siste snart 30 åra har det skjedd ei stor endring/utvikling i samfunnstilhøva på mange område. Ikkje minst har utviklinga i landbruket vore gjennomgripande med auka vekt på større og meir effektive einingar og tilpassing til nedbygging av tollvern og reduserte overføringar til næringa. På denne bakgrunn er det gode grunnar til å gå gjennom odelslova og undersøke om lova er tenleg, jfr. mandatet til odelslovutvalet.

Krava til enkle og forutseielege reglar og samstundes til rimelege og rettferdige løysingar i enkelttilfelle er ikkje alltid like lett å avvege mot kvarandre. Generelt er det landbruksdirektøren si oppfatning at utvalet har kome med ei rad gjennomarbeidde endringsframlegg som klargjer og forenkler regelverket i ein del spørsmål som etter gjeldande lovtekst har valda tvil og grunnlag for tvist.

Odelslova har nærare 80 paragrafar og omhandlar både hovudspørsmål i odelsretten og ei mengd detaljreglar og utvalet har drøfta desse og kome med ei mengd endringsframlegg. Landbruksdirektøren finn å måtte begrense sin uttale til det ein oppfatar som alment viktige tema. I uttalen er det vist til kapitelnummereringa som utvalet har nytta.

II. Utvalet sine framlegg til lovendingar under føresetnad av at odelsretten vert oppretthalden.

Kap. 6.1. Kravet til odlingsjord.

Landbruksdirektøren syner til at grensa for odelsjord ved lovending i 2001 vart auka frå 10 til 20 dekar jordbruksareal. Dette var ei justering som også for Hordaland sitt vedkomande var godt i tråd med utviklinga av bruksstorleiken og som stort sett skalla bort eigedomar som for lengst hadde misst sitt potensiale for økonomisk landbruksdrift. Unntak kan her likevel finnast, t.d. fruktgardar som har høgare avkastingsverdi pr.da enn annan landbruksproduksjon.

Som det går fram av tabellane i utgreiinga kap. 5 er det eit betydeleg gap mellom eigarstruktur (talet på landbrukseigedomar/odelseigedomar) og driftsstruktur (talet på driftseiningar) i landbruket. Næringa har tilpassa seg denne situasjonen ved å nytte leigejord.

Utvalet legg til grunn at gode landbruksfaglege løysingar krev større einingar enn det som er dagens eigareining og at odelsretten og arealkrava til odlingsjord ikkje er med på å redusere gapet som er omtala. Tvert imot er det slik at jo lågare arealkrava til odlingsjord er, desto oftare vil odelsretten vert nytta til sikring av bustad meir enn ein arbeidsplass.

I Hordaland er det ca. 10.000 landbrukseigedomar med jordbruksareal over 20 dekar medan det i 2002 var 5500 driftseiningar i drift i Hordaland. Landbruksdirektøren meiner på dette grunnlag at det vil vere ønskjeleg å skjerpe arealkravet for odlingsjord ytterlegare i høve til gjeldande reglar. På den andre sida er Hordaland eit typisk småbruksfylke og det fylket som

har lågast gjennomsnittleg jordbruksareal pr. driftseining i heile landet, jfr. tabell 5.9 i utgreiinga. Det er difor viktig at arealgrensa for odlingsjord ikkje vert sett så høgt at bruk som har slike arealressursar at det er grunnlag for økonomisk landbruksdrift, fell utanom.

Landbruksdirektøren vil for det første seie seg samd i framlegget om å ta bort regelen som opnar for odling av eigedomar med jordbruksareal mellom 5 og 20 dekar dersom bruket har anna areal eller rettar som kan oppvege kravet om areal slik at produksjonsverdien samla vert minst tilsvarende 20 da jordbruksareal. Dette er ein regel som gjev stor uvisse om eigedomen kan reknast som odelseigedom og som opnar for tvist om dette spørsmålet for heilt marginale eigedomar i landbruksmessig betyding. Reglen som no vert føreslege går ut på at ein kan gå under den normale grensa for dyrka jord med inn til 10 dekar dersom eigedomen har relativt store andre areal. I fleirtalsframlegget 500 dekar og i mindretalsframlegget 100 dekar. Landbruksdirektøren stør denne forenklinga som inneber at den skjønsmessige vurderinga på dette punktet fell bort og ein står att med konkrete arealtal.

Det er vanskeleg å finne ei arealavgrensing som skal gjelde for heile landet og som på ein akseptabel måte skil mellom reine hobbybruk/fritidseigedomar og bruk med næringsmessig betyding. Tilhøva varierar ganske vesentleg frå landsdel til landsdel men også innan same fylke. I Hordaland er det iflg. tabell 5.7 ca. 9.200 landbrukseigedomar med mindre enn 50 da jordbruksareal. Av desse ca. 3.700 med mindre enn 20 da. Ei heving av grensa for jordbruksareal til 50 da, slik fleirtalet gjer framlegg om, vil altså føre til av ca. 5.500 bruk med areal mellom 20 og 50 da fell utanom. Fleirtalsframlegget inneheld riktignok ein tilleggsregel som fangar opp bruk med minst 40 da jordbruksareal dersom anna areal på bruket er minst 500 da. Landbruksdirektøren meiner at fleirtalsframlegget bryt for sterkt med bruksstrukturen i Hordaland og vil klårt rå ifrå at dette alternativet vert valt.

Landbruksdirektøren er kome til at mindretalsframlegget om ei generell grense på 30 da jordbruksareal/500 dekar produktivt skogareal vil vere ei akseptabel avgrensing som i tilstrekkeleg grad ivaretek bruksstrukturen i fylket vårt. Dette framlegget inneber også at eigedomar heilt ned til 20 dekar jordbruksareal kan reknast som odlingsjord dersom dei i tillegg har minst 100 dekar anna areal.

Kap. 6.2. Kven har odelsrett.

Landbruksdirektøren har ikkje merknader til at odelskrinsen vert uendra i høve til gjeldande lov. Krinsen av odelsberettiga vart vesentleg redusert ved lovendringa i 1974 og landbruksdirektøren ser ikkje gode grunnar til ytterlegare reduksjon.

Kap. 6.62 Interpellasjonsretten vert utvida og endra.

Kap. 6.63. Fråvik frå odelsrekkefølgja når løysing er ”klårt urimeleg”

Landbruksdirektøren stør framlegget om at begge desse særreglane vert utvida til også å gjelde ved overdraging til nokon utan odelsrett. Dette vil gjere det vesentleg enklare for eigar som ønskjer å gjennomføre ei overføring av odelseigedomen.

Kap. 6.7 Bu- og driveplikta.

Landbruksdirektøren sluttar seg til framlegget frå utvalsleiar Falkanger m.fl. om å likestille friviljug overtaking og overtaking ved odelsløyings sak m.o.t. lengda på bu- og driveplikta.

Grunngevinga for endringa er at det ikkje bør vere knytt eit "straffeliknande" moment overfor odelsrettshavar som nyttar odelsretten sin på lovleg måte. Landbruksdirektøren meiner også at reglane om bu- og driveplikt og dispensasjon frå plikta framleis systematisk høyrer best heime i odelslova.

Kap. 6.9. Likestilling av sambuarar og ektefeller.

Landbruksdirektøren er samd i at sambuarar og ektefeller vert likestilte i høve til odelslova sine reglar under føresetnad av at det ligg føre sambuaravtale og det er tale om eit ekteskapsliknande sambuartilhøve.

Kap. 6.10.1 Endring av fristen for preskripsjon/forelding av løysingsretten.

Etter framlegget vert regelen om berekning av fristen for løysing endra på to punkt. For det første vert lengda på fristen korta ned frå 1 år til 6 månader, og vidare vert tinglysingsdato no alltid utgangspunktet for fristen, i motsetnad til etter no gjeldande lov, der fristen ved friviljuge overdragingar først skal reknast frå bruksovertakinga, dersom denne skjer etter tinglysing av overdraginga. Dette er endringar som begge er til føremon for den som har overteke odelseigedommen og tilsvarande til ugunst for odelsrettshavar som vil gå til løysing. Særregelen om frist med utgangspunkt i bruksovertakinga er med på å skape uvisse om kva tid fristen er gått ut, jfr. utvalet sine merknader. Landbruksdirektøren er samd i at ein bør ta denne unntaksregelen bort. Det kan likevel spørjast om stillinga for eventuelle løysingsmenn vert godt nok ivareteke når også den generelle fristen vert sett ned til 6 månader frå tinglysing. Utvalet syner til at *"med dagens enkle tilgang til informasjon fra grunnboken blir det ingen urimelig byrde på den odelsberettigede i de tilfeller han frykter at en eiendomsomgang kan tenkes søkt holdt skjult."*

Landbruksdirektøren kan ikkje sjå at ein frist på 1 år er svært tyngande for den nye eigaren. Lova opnar også for nedkorting av denne fristen ved å interpellere til aktuelle odelsrettshavarar i fleire høve. Landbruksdirektøren vil rå til at fristlengda på 1 år vert oppretthalden.

Kap. 6.11.1 Reglane om odelstakst.

Utvalet konkluderar med at det er lite å hente ved å endre reglane om verdsetting av odelseigedom slik dei er formulerte i lovas § 49:

"Verdsetjinga ved odelstakst skal gjerast på grunnlag av den bruk av eigedommen som er naturleg og påreknelig etter tilhøva på staden, og som kan sameinast med at eigedommen hovudsakleg blir nytta til landbruksføremål."

Landbruksdirektøren meiner at dette er ein regel som gjev lite konkret vegleiing m.o.t. kva kriteriar som skal nyttast ved odelstaksering. Som utvalet sjølv nemner er det ikkje alltid like lett å forklare avviket mellom to odelstakstar. Landbruksdirektøren vil tilrå at det i det vidare arbeidet vert utgreidd nærare om kriteria for odelstakst kan konkretiserast i større grad enn no, t.d. ved å knyte dette til kriteria som er nytta i retningslinene til konsesjonslova.

Kap. 6.15.1 Likestilling mellom kjønna.

Landbruksdirektøren er sjølvstøtt i prinsippet samd i utvalet sitt framlegg om full likestilling mellom kjønna i odelsretten. Dette prinsippet vart slått fast ved lovendringa i 1974. Men lova av 1974 inneheld ein overgangsregel som opprettheld den diskriminerande regelen for søskenfødde før 1.1.1965. Dette av omsyn til *"dei som ein med rimeleg grunn må gå ut frå har innretta seg på den eldre lovgjevinga, ikkje skal bli skuffa"*

Utvalet gjer no framlegg om at denne unntaksregelen fell bort. Dei som dette rammar vil no vere ca. 40 år eller eldre. Ei aktuell forventning om å vere best odelsberettiga til å overta slektsgarden, skulle såleis normalt ha materialisert seg for desse før ny lov eventuelt trer i kraft. Men det vil nok vere unntak frå dette og landbruksdirektøren ser det slik at det er unødvendig av omsyn til likestillingsprinsippet no å endre på rettsstillinga til dei som dette er aktuelt for. I alle høve kunne ein tenke seg ei regelendring som utsette ikraftsettinga av ei endring på dette punktet, t.d til desse personane var 60 år eller eldre, dvs.ei utsetting i ca.20 år.

III. Bør odelsrettsinstituttet oppretthaldast eller avviklast?

Landbruksdirektøren vil først peike på at utvalet si samansetning er lite representativ når 5-6 av medlemmene er frå innlandsfylka, og kysten og Nord-Norge ikkje er representert.

Ei drøfting av odelsretten må ta utgangspunkt i dagens landbrukspolitiske situasjon og dei utviklingstrekk og utfordringar som ligg føre oss. Hordaland har ein spesiell eigedomsstruktur - i tillegg til at det er ein sterk dynamikk i næringslivet i fylket . Vi har eit stort fråfall av bønder og gardsbruk, stor andel deltidsbønder, omfattande attgroing av areala våre, sterk utflytting frå indre delar av fylket osv. Landbruket er i sterk endring og omstilling og vi ser framfor oss eit stort fråfall av bønder dei nærmaste åra - jmf. prolongering av dagens utvikling. Desse eigedomane, som går ut av drift som sjølvstendige einingar, kan lett bli verande i slekta for mange sitt vedkommande - med ein passiv eigedomsutøving med det føremål å halde eigedomen i i ætta. Samstundes har vi erfart at det er stor interesse for å kjøpe og drive gardsbruk av folk utanfor " landbruksfamilien" - og at for desse kan det vere problematisk å få innpass i næringa. Odelsretten kan dermed vere til hinder for at desse eigedomane kan tiltrekke folk til bygda både knytt til landbruksnæring og annan næring/bustad, td. ønskje om "det gode liv på landet."

Diskusjonen om framleis trong for å oppretthalde odelslova - må vurderast opp mot dagens situasjon og det faktum at vi også har innført konsesjonsplikt for erverv av landbrukseigedomar. Konsesjonslova regulerer både omsetting, prisvurdering og bu- og driveplikt. I eit bygdeperspektiv er dette dei sentrale spørsmål for myndighetene. Spørsmålet blir då kva funksjon det reviderte framlegget til ny odelslov har i høve til målsetjingar, utfordringar og det øvrige rammeverket som ligg i konsesjonslov. I dag er landbruket ei pressa næring både i økonomisk og sosialt forstand og det kan vere ei rekkje betenkelege sider ved at ein gjennom eit gammalt lovverk i frå barnsbein av får ein slags forestilling av at samfunnet på legg ein ansvaret for å bringe dette vidare, er regulert gjennom eit lovverk. Dette representerer eit grunnsyn som har si forankring i ei anna tid både for landbruket som næring og det samfunn vi lever i idag.

Viktige moment som talar for avvikling:

- Det er påvist interesse for å tilflytte og drive landbrukseigedomar - kanskje med anna enn eit tradisjonelt driftsopplegg. Odelslova er eit hinder for å kome inn i næringa - for dei som har lyst, og har fagleg og personleg interesse for å drive og bebu gardsbruk. I dag er fødselsattesten det bærande for å kome seg inn i næringa.
- Det er viktig å få frisk blod inn i både næring og bygder - utover det som ligg innanfor dagens eigarkonstellasjon - nye driftsmåter - nye driftskonsept - annan tenkning osv. Det

skisserte lovframlegget inneber for såvidt ei stor oppmjuking på dette punktet - der eigarar kan fråvike ei normal odelsrekkefølge etter visse prosedyrar. Spørsmålet vert då kva som er att av lovverket - og kva som begrunnar dette.

- Overdraging innanfor familien har både positive og negative element – men ofte er det slik at odelsrettshavarar vil sikre eigedomen i slekta - utan at det er reell vilje til å bebu og drive eigedoman. Det kan også reist spørsmål ved om det er god "dåpsgåve" å få odelsstempelet på seg i frå ein er liten og fram gjennom heile oppveksten - det harmonerer lite med dagens norm for sjølvstendig val av utdanning etter interesse og legning. Gardsbruk bør ein overta etter interesse og val av livsstil - det bør difor vere eit val ein bør ta etter ei grundig vurdering. Mange av odelsløysingsakene har vorte oppfatta som grovt urimelege og i strid med vanleg rettsoppfatning. Sjølv med ei modernisering av lovverket, er det grunn til å bekymre seg over at lovverket kan setje til side beslutningar og ynskje frå foreldre/eigar. Ei avvikling av odelsretten betyr ikkje at familien og slekta er avskåren frå å skøyte eigedomen innanfor familien - det vil bety at dagens eigarar etter ei samla vurdering av interessentar innanfor/utanfor familien tek standpunkt overdraging til ny eigar ut frå vedkomande sin interesse, motiv og "egnetheit" . Det vil vere ei betre løysing enn stive reglar knytt til alder og slektsposisjon.

Landbruksdirektøren er etter ei samla vurdering kome til at det er overvekt av argument som talar for at odelslova bør avviklast. Utvalet sitt mandat på dette punkt kom imidlertid inn seint i arbeidet og dette spørsmålet burde vore gjenstand for meir inngående drøfting bygd på konkrete undersøkingar i inn- og utland. Også tidsperspektivet for ei eventuell avvikling av odelsretten og overgangsordningar må utgreiast nærare.

LANDBRUKSDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fylkeslandbruksstyret syner til landbruksdirektøren si fråsegn og sluttar seg til denne.

HANDSAMINGA I FYLKESLANDBRUKSSTYRET:

Fylkeslandbruksstyret handsama først del I og II i landbruksdirektøren si fråsegn.

Del I vart samrøystes vedteke.

Del II:

Pkt. 6.1:

Styremedl. Koløy gjorde framlegg om å støtte fleirtalsframlegget frå utvalet, dvs. generell arealgrense på 50 da jordbruksareal for å reknast som odelsjord.

Framlegget fall mot 3 røyster (Koløy, Nilsen og Tyssebotn)

Landbruksdirektøren sitt framlegg vart vedteke med 4 røyster (Lunde, Vik, Christensen og Ljone)

Pkt. 6.2 og 6.62/63

Landbruksdirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Pkt. 6.7:

Styremedl. Koløy gjorde slikt framlegg:

Fylkeslandbruksstyret rår ifrå endringar i reglane om bu- og driveplikt ved odelsløysing.

Koløy sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Pkt. 6.9, 6.10.1, 6.11.1:

Landbruksdirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Pkt. 6.15.1:

Styremedl. Christensen gjorde slikt framlegg:

Fylkeslandbruksstyret stør utvalet sitt framlegg om å innføre full likestilling mellom kjønna i odelsretten.

Framlegget fall mot 3 røyster (Christensen, Lunde og Ljone)

Landbruksdirektøren sitt framlegg vart vedteke med 4 røyster (Nilsen, Koløy, Tyssebotn og Vik)

Fylkeslandbruksstyret handsama deretter **del III** i landbruksdirektøren si fråsegn, dvs. spørsmålet om oppheving av odelslova.

Styremedl. Christensen, Ljone, Vik, Lunde og Nilsen gjorde slikt fellesframlegg:

Fylkeslandbruksstyret sluttar seg til odelslovutvalet si fleirtalstilråding om å oppretthalde odelsretten og syner til grunngevinga for dette.

Fellesframlegget vart vedteke med 5 røyster (Christensen, Ljone, Vik, Lunde og Nilsen)

Landbruksdirektøren sitt framlegg fekk 2 røyster (Koløy og Tyssebotn)

Etter dette ligg det føre slikt

VEDTAK:

Fylkeslandbruksstyret syner til landbruksdirektøren si fråsegn del I og II og sluttar seg til denne med slikt unnatak:

Del II (framlegg til endringar i odelslova)

Pkt. 6.7: Fylkeslandbruksstyret rår ifrå endringar i reglane om bu- og driveplikt ved odelsløysing.

Del III (framlegg om oppheving av odelslova)

Fylkeslandbruksstyret sluttar seg til odelslovutvalet si fleirtalstilråding om å oppretthalde odelsretten og syner til grunngevinga for dette.

